



## *Shades of Fossegrimen* - eit musikalsk cross-over prosjekt

### PROSJEKTOMTALE

#### Målsetjing:

I tida 22.08.-23.10.16 vil bandet *Shades of Blues* og Orkesteret Fossegrimen halda fram med eit samarbeidsprosjekt som byrja sist vår og som skal enda opp med konsert i Voss kulturhus søndag 23.10.. Dette vert avslutninga av Voss Gymnas (tidl. Voss off. Landsgymnas) si 100-års markering. Målsetjinga med prosjektet har vore å sameina to ulike musikkuttrykks-former, den som eit pop-band står for og den som eit tradisjonelt symfonisk orkester står for, og såleis syna kva utviklingsmoglegheiter som ligg i eit slikt samarbeid. Dette representerer nye og og spanande utfordringar for begge desse aktørane – og for publikum. Noko liknande har aldri vore gjort her tidlegare.

#### Medverkande:

*Shades of Blues* er eit pop-band som vart skipa i 1964 på Voss og som framleis er aktivt med stort sett dei same musikarane som var med frå starten. To av musikarane er nå profesjonelle, ein er frå Lillehammer og ein frå Bergen. To av dei andre musikarane i bandet kjem òg frå Bergen, og alle har tidl. vore elevar ved Voss Gymnas.

Orkesteret Fossegrimen er eit symfoniorkester med regional profil der amatørar og yrkesutdana musikarar i "alle" aldrar frå regionen er med. Orkesteret er på mange vis eit produkt av verksemda ved Voss Gymnas, og mange av musikarane har vore eller er elevar her. Fast dirigent og musikalsk leiar er fiolinisten Dagfinn Rohde. I orkesteret vil det i dette prosjektet vera med rundt 40 musikarar, av dei 11 profesjonelle i tillegg til dirigenten. Alle er løna av orkesteret.

#### Repertoire:

1) Los Bravos: "Black is black"; 2) Johann Sebastian Bach/Procol Harum: Air / "A Whiter Shade of Pale"; 3) Moody Blues: "Nights in White Satin"; 4) Eddie Floyd: Knock on Wood; 5) Beatles: "I should have known better" (Slam Creepers versjon); 6) Fleetwood Mac: "Need your Love so bad"; 7) Rare Bird: "Sympathy"; 8) Beatles: "All you need is Love"; 9) Beatles: Selection for Orchestra (arr. Øivind Westby).

Halldor Krogh, professor i filmmusikk ved Høgskolen i Lillehammer, har arrangert all musikken og tilpassa den til bandet og orkesteret. Han har lang røynsle i dette frå sitt arbeid som musikkprodusent i NRK og samarbeid m. a. med KORK, og han er sjølv med og spelar el.gitar i bandet. Nokre av musikkstykkane har ein vanskegrad slik at også elevar i kulturskulen er med og spelar i orkesteret.

#### Gjennomføring:

Prosjektperioden er frå 22.08. til 23.10.16. Det reviderte notematerialet var klart til prosjektstart, og orkesteret har prøve kvar veke fram til 23.10.. Prøve med band og orkester med innleigde musikarar vert 26.09. i Voss kulturhus, og laurdag 22.10. er det generalprøve. Konserten skal haldast i Voss kulturhus søndag 23.10. kl. 15:00. Fossegrimen sin faste dirigent leier framføringa.

Konserten vil bli kunngjort god tid på førehand gjennom lokalavisa "Hordaland", med plakatar, "flyers" og på ulike andre måtar for å tiltrekkja eit stort publikum.

Orkesteret Fossegrimen er arrangør av prosjektet og økonomisk ansvarleg for det.

